

- Dette skal vi klare!

29.07.2009



Haugland Maskin gjer ein kjempejobb. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dette er dagen då scena skal riggast på rundt 12 timar på Festidalen-området og frå morgonen av kunne situasjonen verka håplaus på grunn av all nedbøren som gjorde jordet søkkblautt.

Men korkje festival-leiinga eller dei mange gode hjelparane verka motlause då uskedalen.no var innom ved 12-tida. Tvert i mot verka dei fulle av optimisme og gjennomgangstonen var at **DETTE SKAL VI KLARE!**



Morten Vevatne markerer forkanten av scena som skal opp før kvelden kjem. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Styreleiar Morten Vevatne erklærte at det ikkje minst er den fantastiske dugnadsånda i bygda som gjev grunnlag for optimismen.

Han hadde eit strålende døme på det:

Tysdag kom trailaren med scena frå Rogaland. Ho er forresten halvannan gong så stor som den som vart nytta i 2007 og har vore i bruk land og strand rundt for mange berømte artistar, mellom andre Elton John.

Heile doningen vog rundt 50 tonn og ikkje overraskande sokk den rett ned i det blaute underlaget då den hadde nådd fram til området der scena skal plasserast.

Men Haugland Maskin stilte på stutt varsel opp med dei to kraftigaste traktorane dei har og fekk buksert trailaren inn på det tørre att. I føremiddag er dei i gang med å gjera underlaget fastare ved hjelp av pukk og matter.

- Arne Haugland fortener all moglege ros for innsatsen, seier Vevatne.

Fram til klokka 21 i kveld skal scena på plass og 10 frivillige er no i arbeid på tre skift.

- Dei kjem frå mange kantar - frå Døsmland til Danmark - og også dei har den rette innstillinga, seier styreleiaren medan det surklar under støvlane hans.

I morgon, etter at scena er oppe, kjem ein semitrailar med det omfattande lydutstyret.

Vevatne antar at når alt er på plass, vil det vera utstyr for fem millionar kroner på området.

Av Ola Matti Mathisen